

Pressemelding, publisert 17.04.2009

Farsund kommune får 900 000 kroner

Kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa bidrar med 900 000 kroner til rehabilitering og ny bruk av gamle sjøbuer på Borhaug på Lista i Farsund kommune. Støtta blir gitt som ein del av Husbanken sitt stadutviklingsprogram "BLEST – Bolyst og engasjement i småbyar og tettstader".

- Tanken bak BLEST er å visa fram stader der det finst eit lokalt engasjement bak gode prosjekt. Eit viktig siktemål er å setja stadutvikling på dagsordenen, skaffa fram kunnskap og vera med på å spreia dei gode erfaringane, seier kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa.

Å revitalisera sentrum ved å skapa meir aktivitet og tiltrekka seg besøkande er hovudmålet med prosjektet på Borhaug. Det har vore idedugningar med lokalbefolkninga. I ein av dugnadane kom det eit framlegg om å setja i stand dei gamle sjøbuene i hamneområdet. Prosjektideen går ut på å kunna gi grunneigarar økonomisk stønad til å gjere rehabilitering. Mange av sjøbuene står uisolert og har dårleg fundamentering. Stadutviklingsprosjektet skal gje dei aktuelle sjøbueigarane råd i utbetringa. Sjøbuene skal setjast i stand med tanke på korttidsutleige. Målgruppa er sykkelturistar, brettseglarar, båtfolk, fuglekikarar og kunstnarar.

Programmet "BLEST- Bolyst og engasjement i små byar og tettstader" vart starta opp i 2006 og går over fire år. Seks prosjekt vart starta opp i 2006, tre signalprosjekt vart starta opp i 2007 og sju nye prosjekt kom til i i 2008. Desse seks prosjekta som får pengar no i 2009, er såkalla signalprosjekt. Dette er synlege og gryteklare tiltak som skal gi inspirasjon og vise handlekraft i dei utvalde BLEST-kommunane. Med den siste tildelinga har BLEST fordelt 24 millionar kroner til dei ulike prosjekta.

Kommunal- og regionalministeren strekar under at dette initiativet ikkje er det eine store svaret på utfordringa med å utvikla meir attraktive bygder og småbyar, men at programmet er eit tillegg til arbeidet som alt blir gjort på feltet.

Kommunal- og regionaldepartementets pressetelefon: 22 24 25 00.